



**Nærøfjorden
verneområde**styre

Postadresse
Nærøfjorden verneområde
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3129

fmv/post@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2021/9984-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 01.07.2021

Dispensasjon – Delegert vedtak - Nærøfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - sikringstiltak i Minesvingen

Sender vedlagt delegert vedtak frå Nærøfjorden verneområde styre.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområde styret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområde forvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

SNO Aurland

Statsforvaltaren i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN

Voss herad Postboks 145 5701 VOSS



Utval	Delegeringssak (DS)
Nærøyfjorden verneområdestyre	

Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - sikringstiltak i Minesvingen

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Nærøyfjorden verneområdestyre 30.11.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen dispensasjon til å montera sikringsutstyr i Stalheimskleiva i samband med restaurering av vegmuren i Minesvingen. Dispensasjonen er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Tre stålbejelkar på sju meter kan monterast til fjell med boltar og bardunar skrudd ned i fjellet. Boltane kan støypast inn i fjellet med boltemørtel. Restar etter boltemørtel skal fjernast slik at det ikkje vert overskotsmasse på fjellet utanfor boltane.
- Stålbejelkane kan plasserast på nedsida av muren, tett inn til muren.
- Ved demontering av sikringstiltaket skal stålbejelkar, stålwire og festeboltar fjernast frå området. Boltar som er skrudd fast i fjellet skal skjerast av ned til fjellet og dekkast med jord og torv.
- Alt avfall og restar etter sikringsarbeidet skal fjernast straks arbeid er avslutta.
- Når arbeidet er avslutta, skal det sendast inn dokumentasjon som viser opprydding etter sikringstiltaka.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om sikringstiltak i forbindelse med istandsetting av Minesvingen i Stalheimskleiva, Voss kommune - *Statens vegvesen*, datert 22.06.2021

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002




- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Statens vegvesen søker om dispensasjon frå verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde for å montera sikringstiltak i samband med restaurering av vegmur i Minesvingen i Stalheimskleiva. Nærøyfjorden verneområdestyre gav dispensasjon til restaureringsarbeidet 03.09.2020. Arbeidet er kome så langt no at det er trong for å sikre dei som arbeider på muren mot fall frå høgde over to meter. I søknaden er sikringstiltaka omtalt på fylgjande måte:

«Arbeidsgiver skal i hh. til forskrift om utførelse av arbeid, FOR-2011-12-06-1357, kap. 17. ...Arbeid i høyden, velge arbeidsutstyr som er dimensjonert for arbeidet som skal ut føres, og for forutsigbare belastninger slik at arbeidstakerne kan forflytte seg uten fare. Ved behov skal det monteres sikringsinnretninger mot fall. Disse innretningene skal være utformet på en slik måte, og være så sterke, at de kan hindre eller stoppe fall og hindre at arbeidstakerne skades.

For å kunne montere en fallsikringsline på stedet må tre stålbjelker monteres til fjell, jf. plassering på vedlagt bilde. Dette er bjelker som brukes i rassikringsgjerdet. Disse festes til fjell i foten med fire bolter pr. stolpe. Boltene blir kuttet ned til fjellet etter montering, og dekkes med jord. I toppen festes stolpene med barduner (stålwire) innover til fast fjell i begge ender med en bolt. Mellom stolpene blir det strekt en 20 mm stålwire, som kan festes til i ulike høyder med fallsikringssele med line. Omsøkt tiltak er vurdert og anbefalt av fjellsikringsekspert i Statens vegvesen. Firma som blir valgt til å montere må kunne dokumentere at sikringen er i tråd med gjeldende forskrifter».



Kopi av kartutsnitt i søknaden. Gul markering viser tiltaksområdet med istandsetting av vegmuren i Stalheimskleiva

Lovgrunnlaget.

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit



mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Nærøyfjorden landskapsvernområde er «..verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter» jf. verneforskrifta § 3, pkt.1.1. Området er verna mot «...oppføring av anlegg og faste innretningar, sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral...» jf. § 3 pkt. 1.1. a).

Tiltaka med istandsetting av vegmuren i Stalheimskleiva og sikringstiltaka er meir enn vanleg vedlikehaldsarbeid. Slike tiltak er ikkje nemnt under dei spesielle dispensasjonsreglane, og må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ; «Forvaltingsmyndigheten kan gjøre inntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Stalheimskleiva ligg i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Veggen er eit kulturminne av stor verdi, og det er viktig at veggen og murane vert vedlikehalde. Skadane på muren er så store at det er fare for at muren kan rase ut. Det vil føra til skade på kulturminnet Stalheimskleiva, og vil vera eit stort tryggleiksproblem for ferdsel på veggen og i området. Istandsetting av vegmuren er vurdert til å vera viktig for å ta vare på kulturminnet som er ein del av verneføremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde. For å utføra arbeidet etter gjeldande forskrift om utføring av arbeid, må arbeidstakarane sikrast mot fall når arbeidshøgda er meir enn to meter. Tiltaka er vurdert som naudsynt for å fullføra arbeidet med restaurering av muren. Nærøyfjorden verneområdestyre har gitt løyve til restaureringstiltaket. Naudsynt sikringstiltak vil vera eit midlertidig tiltak, og saka vert difor behandla som delegert sak.

Det er god kunnskap om Stalheimskleiva som kulturminne. Veggen vart freda i 2009 etter kulturminnelova § 22 a. Den ca. 2 km lange Stalheimskleiva vart bygd i perioden 1842-49. Det er utført registreringar av dei tidlegare vegane i Stalheimskleiva, både kongeveggen frå 1700-talet, og ein eldre ferdselsveg frå rundt 1600-talet. Restar etter kongeveggen frå 1700-talet er registrert nær den aktuelle anleggsveggen, men den har truleg lagt høgare i terrenget enn der anleggsveggen er planlagt.

Det er ikkje tidlegare registrert førekomstar av sårbare artar og naturtypar i tiltaksområdet (Naturbase 08.03.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Forvaltninga har vurdert den samla belastninga tiltaket kan få på økosystemet jf. nml. § 10 i vedtaket der det vart gitt løyve til restaureringsarbeidet. For opplevinga av Stalheimskleiva er det viktig å få ferdigstilt arbeidet som er starta opp i Minesvingen, og sikringstiltaka er



naudsynte for å slutføra arbeidet. Sikringstiltaket er eit midlertidig tiltak som er reversibelt, og det vil gje liten verknad på landskapet etter tiltaka er fjerna. Forvaltar vurderer at tiltaket vil gje liten negativ belastning på naturmiljøet og landskapet i Stalheimskleiva. Restaurert mur vil vera positivt for kulturminnet Stalheimskleiva. På denne bakgrunn er den samla belastninga på naturverdiane av midlertidig sikringstiltak vurdert som akseptabel.

Sikringstiltaka inneber å festa tre ståbjelkar på sju meter med boltar i fjellet. Ståbjelkane skal stå tett inn til muren på nedsida av muren. Bjelkane vert festa med barduner i fjellet bak muren. Mellom bjelkane skal det festast stålwire som arbeidarane skal feste fallsikringssele i. Festeboltane vert støypt inn i fjellet med boltemørtel. Boltane i fjellet kan ikkje fjernast heilt når sikringa vert demontert. Boltane skal skjerast av ned til fjellet, og vert dekkja med jord og torv. Boltane vil ikkje vera synlege etter arbeidet er avslutta. Forvaltar vurderer metoden som er valt for gjennomføring av tiltaket som miljøforsvarleg jf. nml. § 12.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

Konklusjon

På bakgrunn av vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar det er grunnlag for å gje dispensasjon frå naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til sikringstiltak i samband med restaurering av steinmur i Stalheimskleiva. Med dei vilkåra som er sett, vil tiltaket ikkje vera i strid med verneføremålet, eller føra til nemneverdig skade på verneverdiane.